



Snart er det jul og då kjem Uskedalsposten ut med eit fyldig nummer. Ein artikkel vil handla om Myklebust kai, i dag betre kjent som Sandakaien, og redaksjonen er interessert i bilete frå kaien.

Den vart dampskipskai for HSD omtrent samtidig som Mandius Myklebust tok til med handel der, i 1934. Før den tid var dette stoppeplass for konkurrenten Lønningdal.

Bileta kan sendast eller leverast til Kristian Olav Bringedal og dei kan til dømes ha desse motiva sjølv om handel og skipsanløp er hovudsak:

- * Båtar til kai
- * Naustrekkjo i Stølavikjo
- * Arbeidet med båthamna
- * Handel
- * Sanddrifta
- * Arne Myklebust og mjølkebilane
- * Slaktehuset
- * Arbeid med båthamna og nyskulen
- * Badeliv

Logoar, gamle rutehefte, fraktbrev og bilettar er ikkje minst interessante.

Biletet over er teke av Harald Sætre i 1976 og viser det siste anløpet til passasjerbåten MS Halsnøy